

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--------------------------------|------|------------|
| 068/21 | Plan- og kommunalteknisk utval | PS | 25.08.2021 |
| 078/21 | Plan- og kommunalteknisk utval | PS | 29.09.2021 |
| 055/21 | Formannskapet | PS | 08.09.2021 |
| 068/21 | Heradsstyret | PS | 13.10.2021 |
| 074/21 | Formannskapet | PS | 06.10.2021 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Pelle Engeseter | 14/2100 |

Tredje gongs handsaming - Plansak 12532015002 - Kommuneplanen sin samfunnsdel Handsaming av plan etter høyring og offentleg ettersyn

Vedlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel_HS-vedtak240221A_Til 3. gongs handsaming

Protokoll HS-sak 006 21

Innspelmatrise frå høyringsrunden med rådmannen sine merknader

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune vert vedteken slik han ligg føre.

Plan- og kommunalteknisk utval - 068/21

PL - behandling:

Avdelingsleiar for Plan, møtte for å gjere greie for saka.

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde framlegg om utsetting av saka til neste møtet.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - vedtak:

Saka vert utsett til neste møte i september.

Formannskapet - 055/21

FS - behandling:

Ordføraren gjorde slikt utsettingframlegg:

"Formannskapet stadfestar planutvalet sitt utsettingsvedtak."

AVRØYSTING UTSETTING:

Ordføraren sitt utsettingsframlegg vart vedteke 8 røyster (3SP,2AP,2FRP,1KRF) mot 1 røyst (H).

FS - vedtak:

Formannskapet stadfestar planutvalet sitt utsettingsvedtak.

Plan- og kommunalteknisk utval - 078/21**PL - behandling:**

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Følgande vert lagt til på side 24, og forlenger avsnitt 2: For å auke og betre tilhøva for jordbruk og skogbrukdrift, må me arbeide systematisk med å få nytta ressursar som overskotsmassar frå utbyggingar best mogleg og med kortast mogleg transport. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

Planavdelinga får løyve til å tilpasse tekst, om naudsynt."

Aksel Mjøs, H, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Til punktet «Gode levekår og attraktive lokalsamfunn: «Frivillig arbeid har alltid vore avgjerande for levedyktige bygder i Osterøy, og vore viktig for vekst, trivsel og folkehelse i vid forstand. Det er difor viktig å ta dette med, både kultur, idrett og andre frivillige initiativ i arbeidet med å realisera denne samfunnsplanen.» Planavdelinga har fullmakt til plassering og endeleg formulering."

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg - Samråystes vedteke

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg - Samråystes vedteke

Aksel Mjøs, H, sitt tilleggsframlegg - Samråystes vedteke

PL - vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune vert vedteken slik han ligg føre, med desse tillegga:

Følgande vert lagt til på side 24, og forlenger avsnitt 2: For å auke og betre tilhøva for jordbruk og skogbrukdrift, må me arbeide systematisk med å få nytta ressursar som overskotsmassar frå utbyggingar best mogleg og med kortast mogleg transport. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

Planavdelinga får løyve til å tilpasse tekst, om naudsynt

Til punktet Gode levekår og attraktive lokalsamfunn): «Frivillig arbeid har alltid vore avgjerande for levedyktige bygder i Osterøy, og vore viktig for vekst, trivsel og folkehelse i vid forstand. Det er difor viktig å ta dette med, både kultur, idrett og andre frivillige initiativ i arbeidet med å realisera denne samfunnsplanen.» Planavdelinga har fullmakt til plassering og endeleg formulering.

Formannskapet - 074/21**FS - behandling:**

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt tilleggsframlegg: "På s.33 punkt 4, under generell arealstrategi:

"[...]Valestrand, Hauge[...]" vert endra til "[...]Valestrand/Hauge[...]."

AVRØYSTING:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samråystes vedteke

Rita Tveiten, AP, sitt tilleggsframlegg vart samråystes vedteke

FS - vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune vert vedteken slik han ligg føre, med desse tillegga:

Følgande vert lagt til på side 24, og forlenger avsnitt 2: For å auke og betre tilhøva for jordbruk og skogbrukdrift, må me arbeide systematisk med å få nytta ressursar som overskotsmassar frå utbyggingar best mogleg og med kortast mogleg transport. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

Planavdelinga får løyve til å tilpasse tekst, om naudsynt

Til punktet **Gode levekår og attraktive lokalsamfunn**): «Frivillig arbeid har alltid vore avgjerande for levedyktige bygder i Osterøy, og vore viktig for vekst, trivsel og folkehelse i vid forstand. Det er difor viktig å ta dette med, både kultur, idrett og andre frivillige initiativ i arbeidet med å realisera denne samfunnsplanen.» Planavdelinga har fullmakt til plassering og endeleg formulering.

På s.33 punkt 4, under generell arealstrategi: "Valestrand, Hauge" vert endra til "Valestrand/Hauge".

Heradsstyret - 068/21

HS - behandling:

Framlegg og voting i saka følgjer av voteringsprotokoll som ligg nedst i møteboka, etter siste sak 079/21.

HS - vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune vert vedteken slik han ligg føre, med desse tillegga:

Følgande vert lagt til på side 24, og forlenger avsnitt 2: For å auke og betre tilhøva for jordbruk og skogbrukdrift, må me arbeide systematisk med å få nytta ressursar som overskotsmassar frå utbyggingar best mogleg og med kortast mogleg transport. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

Planavdelinga får løyve til å tilpasse tekst, om naudsynt

Til punktet **Gode levekår og attraktive lokalsamfunn**): «Frivillig arbeid har alltid vore avgjerande for levedyktige bygder i Osterøy, og vore viktig for vekst, trivsel og folkehelse i vid forstand. Det er difor viktig å ta dette med, både kultur, idrett og andre frivillige initiativ i arbeidet med å realisera denne samfunnsplanen.» Planavdelinga har fullmakt til plassering og endeleg formulering.

På s.33 punkt 4, under generell arealstrategi: "Valestrand, Hauge" vert endra til "Valestrand/Hauge".

1. Side 32, Legge til i avsnitt 4 etter setning 4: Det må likevel kunne sikrast busetnad i kommunen utanfor desse områda for mellom anna å sikre at jordbruk og næringsliv utanfor dei etablerte sentra skal kan kunne driftast.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld 3.gongs handsaming av kommuneplanen sin samfunnsdel, jf PBL §11-15. Planframlegget har våren 2021 vore til høyring og offentleg ettersyn. Det vert synt til heradsstyrevevdtek i sak 006/21: "Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg

ettersyn, jf. PBL § 11-14 med slike endringar/tillegg som vedtekne i møtet». Endringsframlegga frå heradsstyret er teke til følgje og er bakt inn i planutkastet som vart sendt på høyring og offentleg ettersyn. Endringsframlegga er vist i vedlagt protokoll frå møtet.

Tidsperioden er endra frå 2020 – 2030 til 2021 – 2031.

Høyringsrunden

Det kom inn innspel/merknader frå følgjande offentlege instansar, privatpersonar, lag og organisasjonar innan merknadsfristen:

- Statsforvaltaren
- Vestland fylkeskommune
- Statens vegvesen
- Osterøy senterparti ved Johannes Haugland
- Miljøpartiet dei grøne (MDG), Osterøy
- Ungdomsrådet, Osterøy kommune
- Landbrukskontoret, Osterøy kommune
- Valestrand helselag
- Osterøy utvikling AS

Vurdering

Samtlege innspel er nøyne gjennomgått og vurdert. Nokre innspel/merknader er teke til følgje, andre ikkje. Det er særleg Statsforvaltaren som har mange innspel fordelt på ulike tema, dei fleste er av normativ og prinsipiell karakter. Vestland fylkeskommune og Osterøy utvikling AS har også mange konstruktive innspel på fleire tema. Innspela med rådmannens merknader er vist i vedlagt innspelsskjema. I skjemaet er innspela viste etter journalpost, avsendar, tema og innspel.

Rådmannen sine merknader med eventuelle endringar er i kolonna lengst til høgre. Her er det kort gjort greie for kvifor innspelet er tatt inn i planen eller ikkje tatt inn i planen. Det vert vist til innspelsmatrisa for utfyllande informasjon.

Matrisa under viser ein kortfatta oversikt over innspel frå høyringsrunden som er teke inn i planutkastet. Mindre omfattande innspel som er tatt omsyn til er ikkje teke med, men er lagt inn i planutkastet med raud skrift.

| Tema | Endring etter innspel | Side |
|---|--|---------|
| Samfunnstryggleik. Statsforvaltaren sakna grundigare omtale av kommunen sin politikk innan samfunnstryggleik. | Kommunen sine fem målsettingar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap vart sett inn under overskrifta «Samfunnstryggleik». Det vart i tillegg vist til rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» frå Kommunal- og moderniserings-departementet som ligg til grunn for beredsskapsarbeidet i kommunen. | 11 |
| Samskaping Det vart etterlyst noko meir omtale av samskaping i planen | Det er lagt til ny tekst om samskaping. Det er vidare formulert ein intensjon om at det skal utarbeidast ein handlingsplan for samskaping som skal vise korleis kommunen skal arbeide med samskaping og korleis arbeidet skal organiserast. Planen skal vere politisk vedteken innan 2022. | 12 |
| Utslepp av klimagassar | Det er skrevet ny tekst på utslepp av klimagassar under kapittelet «Utviklingstrekk». | 16 |
| Reforma Leve heile livet Statsforvaltaren sakna omtale av denne reforma i planen. Statsforvaltaren ønskjer også | Det er skrevet inn ny tekst om reforma og aldersvenleg kommune. Denne er sett i samanheng med ny tekst under overskrifta «Å satse på dei unge er å investere i framtid». Her er m.a. utanforskning blant unge, | 18 - 19 |

| | | |
|--|--|--------------------|
| meir fokus på dei unge. | møteplassar og LivOgLyst omtalt. Felles overskrift «Osterøy skal vere ein god kommune å vekse opp i og bli gamal i». | |
| Jordbruk og skogbruk. Fleire innspel saknar meir omtale av landbruket si rolle som areal-forvaltar, men óg om tema som landbruksbasert næringsutvikling. | Ny tekst er skreve om landbruksnæringa i Osterøy: Berekraftig landbruk. Fokus på berekraftig drift og landbruksbasert næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling. | 24 – 25 |
| Næring: kultur- og lokalsamfunns-baserte næringar, besøksnæringar | Ny tekst under « FOKUS Ein god stad å leve er ein god stad å vitje ». Teksten har fokus på berekraftig lokalsamfunns-utvikling og -næringsutvikling. Dette er også omtalt under « berekraftig landbruk ». | 24 - 25 26 – 27 |
| Mål 2: Gode levekår og attraktive lokalsamfunn Statsforvaltaren og VLFK sakna målformuleringar om aldersvenleg kommune og kva strategiar for å oppnå dette. | Det er skreve ny tekst i matrisa under mål 2. To delmål er omformulerte (3 og 4), og ein ny strategi (under «Slik vil me gjere det») er lagt til (delsmål 4). Det er tatt inn eitt nytt delmål (5) « Osterøy kommune skal vere ein aldersvenleg kommune » med fire nye strategiar. | 30 |
| Mål 3: Osterøy skal ha eit framtidsretta og mangfaldig næringsliv innanfor rammene av ein berekraftig utvikling. . | Målet er endra frå «Målretta miljø- og klimapolitikk» til formuleringa i ruta til venstre. Det er vidare kome inn eit nytt delmål (4): Landbruket i Osterøy skal vere aktivt og klimanøytralt . Det er knytt fem nye strategiar til dette målet. Det er også kome inn ein ny strategi om etablering av Gründersmie under delmålet « Leggje til rette for at unge vel å busette seg i kommunen etter ferdig utdanning ». | 31 |

| | | |
|------------------------------------|--|----|
| Generell arealstrategi | Følgjande kulepunkt er lagt til: <ul style="list-style-type: none"> - Areal med store karbonlager og høg karbonbinding skal i minst mogleg grad bli nedbygd <p>Kulepunktet «Osterøy kommune skal leggje til rette for bygging i alle bygder der det er etablert kommunal infrastruktur» som kom inn på HS-sak 006/21, vert erstatta med følgjande kulepunkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknyting til eksisterande kommunesenter, lokalsentra og bygder <p>I kulepunktet «Kommunen skal i størst mogleg grad fremje fortetting i kommunesenter, områdesentra og bygder», er det lagt til følgjande tekst: Nytt byggjeland skal takast i bruk etter behov innanfor dei rammene som arealstrategien set opp.</p> | 33 |
| Arealstrategi: Område for bustader | Følgjande kulepunkt vert tekne ut (same ordlyd står i Generell arealstrategi): <ul style="list-style-type: none"> - Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknyting til eksisterande kommunesenter, lokalsentra og bygder - Kommunen skal i størst mogleg grad fremje fortetting i kommunesenter, områdesentra og bygder. Nytt byggjeland skal takast i bruk etter behov innanfor dei rammene som arealstrategien set opp. | 34 |

| | | |
|---|--|----|
| Nytt punkt under arealstrategi: Vern om biologisk mangfald | Følgjande kulepunkt er tekne inn: - Kommunen skal i si arealforvaltning medverke til berekraftig arealbruk, god tilstand i økosystema og ta vare på truga natur - Kommunen skal i planlegging sikre jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdfulle landskap og kulturmiljø | 34 |
|---|--|----|

Konklusjon

Med bakgrunn i saka slik det er gjort greie for rårådmannen til at kommuneplanen sin samfunnsdel vert godteken slik han ligg føre.

Vedlegg:

1. Planutkast: Osterøy kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 – 2031. Ny tekst er merka med raud skrift.
2. HS-sak 006/21. Protokoll frå møtet med endringar som skal takast inn i planen
3. Innspelsmatrise frå høyringsrunden med rådmannen sine merknader